



Fjordly barnehage

«Liten barnehage- store tanker»

Årsplan for perioden:

Barnehageåret 2022/2023 til 2025/2026



Fjordly barnehage

2022

Innhald

Forord	3
Presentasjon av Fjordly barnehage	4
Barnehagen sitt formål og innhald	5
Visjon og verdigrunnlag	6
Fjordly barnehage er ein barnehage med utvida kristen formålsparagraf	7
Hovudsatsingsområde for 2023-2026:	9
Årshjul for faste aktiviterter og tradisjonar	11
Informasjon	12
Trafikksikkerheitsarbeid	15
FAGOMRÅDENE	17
Våre arbeidsmetodar:	22
OVERGANGAR	27
NÅR BARNET BYTTAR AVDELING	28
NÅR BARNET SLUTTAR I BARNEHAGEN OG BEGYNNER PÅ SKULEN	29
Danning, omsorg, leik og læring	30
Danning	30
Omsorg	30
Leik og Læring	30
Barns medverknad.	31
Utvikling	32
Spiralprinsippet:	32
Litteraturliste:	37

Forord

Vi i Fjordly barnehage har valt å lage en fleirårig årsplan. I «bunn og grunn» er det er denne planen ei verksemdplan med årsplan. De vil finne ein større oversikt over aktivitetar og innhald gjennom heile perioden, men og ulike satsingsområde som vi legg ekstra vekt på det eine året. Bakgrunnen for at vi har valt å gjere det på denne måten er at etter å ha prøvd ulike måtar å utarbeide planer på, så er det denne type plan vi opplever gjev oss og foreldra ein betre oversikt og kontinuitet i arbeidet gjennom den valde perioda som planen gjeld for.

Planen skal fyst og fremst vere eit forpliktande arbeidsdokument som gjev både barnehage personale og foreldra ei oversikt over kva vi som barnehage vektlegg av verdiar og innhald i den valde perioda.

I bakgrunn for årsplan og drift av Fjordly barnehage ligg dei nasjonale lover og retningslinjer som vi rettar oss etter. Desse er: Lov om barnehagar med forskrift, Rammeplan for barnehagen, sentrale og lokale føringar. Det er **Barnehageeigar** som har ansvar for tilbodet i den enkelte barnehage. Overordna ansvar er med slik fordeling:

Utdanningsdirektoratet skal både gje faglege innspel til og iverksette vedtatt nasjonal politikk. **Statsforvalterne** iverksette barnehagepolitikken i det enkelte fylke gjennom forvaltning av statlege tilskot, oppgåver etter barnehagelova og rettleiing av kommunar.

Kommunane er lokal barnehage mynde og har ansvar for godkjenning av og tilsyn med barnehagane i kommunen, både private og kommunale. **Kunnskapsdepartementet** har det overordna ansvaret for barnehagesektoren.

Fjordly barnehage har eit tett samarbeid med Stad kommune oppvekst. Kommunen er barnehagen si tilsynsmynde, men er og ein god samarbeidspartner som gjev oss råd og rettleiing når vi spør.

Også i arbeidet direkte knytt til aktivitetar og barna si læring har vi mange og gode samarbeidspartar. Det gjeld og i nærområda våre. Fjordly barnehage er ein barnehage som har tett samarbeid med både privatpersonar, gardsbruk og organisasjonar i bygda. Dette gjev oss moglegheit til gje barna opplevingar og læring som elles ikkje hadde vore mogleg.

Vi vil takke alle våre gode samarbeidspartar for de støttar oss i arbeidet med å gje barna gode og lærerike barnehagekvardagar.

Helsing personalet og styret i Fjordly barnehage

v/ dagleg leiar.





Presentasjon av Fjordly barnehage

Fjordly barnehage er ein privat barnehage lokalisert på Totland i Stad kommune. Barnehagen har ein **utvida kristen formålsparagraf** (lov om barnehagar § 1) Korleis vi praktiserer dette vil de kunne lese meir om lenger ut i årsplanen.

Vi er ein tradisjonsrik barnehage som har vært ein viktig del av lokalmiljøet i over 30 år.

Barnehagen blei utvida i 2008 og er no godkjent for inntil 40 barn i alderen 1 – 6 år. Barnehagen si opningstid er 07:30 – 16:30. Opphaldstida til barna er 8,5 t/d. Vi er organisert i to avdelingar, Sjøstjerna og Spurven. På Sjøstjerna er de eldste barna i barnehagen med base i kjellaretasjen. I hovudetasjen finn de Spurven med de yngste barna i barnehagen.

Barnehagen har eit fantastisk uteområde med variert natur. Skog, fjell og fjære i nærområdet vert flittig brukt av barnehagebarna. Vi nyttar naturressursane rundt oss og arbeider årleg med tema «frå jord til bord». **Uteliv står sentralt hos oss.**

Dei seinare åra har barnehagen vore gjennom ei oppgradering både innandørs og utandørs på bygg, lokalar og utstyr. I tillegg har den delen av uteleikeplassen som ikkje er naturområde fått seg eit løft med mellom anna sykkelveg, fleire større nye leikeapparat både på nedsida og oppsida av bygget. Vi har og eit stort og fint bålhus med grue og varmelampar for kalde dagar. Barnehagen har og godt med parkeringsplassar.

Personalet i Fjordly barnehage er stabilt. Med det meinast at det er lite utskifting i personalgruppe knytt til dei faste stillingane. Vi har godt kvalifiserte barnehagelærarar, nokre med vidareutdanningar. For utanom barnehagelærarar så består personalgruppa av barne -og ungdoms arbeidar, assistentar og reinhaldspersonale.

Fjordly barnehage har eige styre som dagleg leiar rapporterer til . Barnehagestyret har møte fire til fem gonger i året. Årsmøtet til Fjordly barnehage sitt barnehagestyre, er regionstyret i Normisjon Sogn og Fjordane.

Kontaktinformasjon til Fjordly barnehage er:

Telefon hovud nummer: 57853395

Telefon avdeling Sjøstjerna: 46805884

Telefon avdeling Spurven: 46814271

E-post adresse til dagleg leiar: styrar@fjordlybarnehage.no

Besøksadresse: Totland

Postadresse: Holmevegen 7, 6711 Bryggja

Barnehagen si heimeside: www.fjordly-barnehage.no

Barnehagen sitt formål og innhald

Barnehagen sitt formål er bestemt av barnehagelova sin formålsparagraf §1:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Lov om barnehager, 2006)

I barnehagen skal innhaldet vere variert, allsidig og tilpassa kvart einskild barn og barnegruppe. I barnehagen skal barna få leike og utfolde skapartrøng og undring. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk skal sjåast i ein samanheng og samla bidra til ein allsidig utvikling for barna. Barnehagens fysiske miljø skal vere trygt, inspirere til aktivitet og gje allsidige erfaringar, opplevingar og skape meistring. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.19)

***Omsorg i Fjordly barnehage:** Barna sitt behov for omsorg gjelder gjennom heile dagen og er heilt grunnleggande for å kunne skape ein god plass å vere. Vi ynskjer å skape eit miljø der barna kjenner seg inkludert, sett og høyrte samstundes som dei får omsorg frå både vaksne og andre barn.

***Leik i Fjordly barnehage:** barnehagen skal bidra til at alle barn opplever glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – både aleine og saman med andre. Leiken er ein svært viktig del av barna sin kvardag. Leik er ein frivillig, spontan og lystbetont aktivitet som barnet sjølv vel å vere med på. I Fjordly barnehage vil vi legge til rette for varierte leikemiljø både ute og inne der barna kan oppleve, glede, humor, inkludering og eit godt samspel med både store og små.

***Læring i Fjordly bhg:** Barn lærer i leik og aktivitetar, både sjølvvalte og vaksenstyrte akt. I Fjordly barnehage. ynskjer vi at barna skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar lysta til å leike, undre seg, utforske, lære og meistre. Det er viktig at barna får høve til å vere nysgjerrige, kreative, oppdage, få ny innsikt og forstå, alt dette må anerkjennast og stimulerast og leggest til grunn for vidare læringsprosessar.

***Danning i Fjordly barnehage:** i barnehagen er personalet bevisst på at danning er ein lang prosess som bl.a. handlar om å legge til rette for at barna kan få utvikle evner til å reflektere over både egne handlingar og veremåte.

Barnehagen sitt **verdigrunnlag** skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha ein heiltalig tilnærming til barna sin utvikling. Barnehagen sitt **samfunnsmandat** er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Lek, omsorg, læring og danning skal sjåast i ein samanheng.

Barnehagelova § 1 viser til at barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneske rettigheitene. Alle barnehagar skal bygge på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar som Norge har slutta seg til, slik som FNs konvensjon av 20. november 1989 om barnets rettigheter (barnekonvensjonen) og ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar (ILO-konvensjonen). [1. Barnehagens verdigrunnlag \(udir.no\)](http://udir.no)

Å møte alle individ sine behov for omsorg, tryggleik, tilhøyring og anerkjenning er viktig for oss i Fjordly barnehage. Å sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal gjenspeilast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Visjon og verdigrunnlag

Liten barnehage – store tankar

Fjordly barnehage er ein liten barnehage, men her er det likevel plass til store tankar. At vi er ein liten barnehage med ei stabil personalgruppe gjer oss gode rammer for å kunne sjå kvart enkelt barn, gi god omsorg og skape eit trygt miljø der kvart enkelt barn kan få rom og støtte i si utvikling. Vi har ein visjon om at barna som går i Fjordly barnehage skal føle seg sett og ivaretatt, og at dei ut i frå eigne forutsetningar skal få medverke i sin kvardag. Fjordly barnehage skal vere ein trygg plass med rom for utvikling, trivsel, glede, leik, læring og undring. At barnehagen er plassert rett ved fjorden og flotte friluftområder er noko vi verdset høgt og som gjer oss ein unik moglegheit til å ta i bruk og lære om naturens ressursar.

Vi jobbar ut i frå barnehagelova §1. (Lov om barnehagar, 2006) der det står at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon – slik som respekt for naturen og menneskeverdet, åndsfriheit, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet. Det står også i barnehagelova §1 at barna skal få utfolde både skaparglede, undring og utforskartrung, men også lære å ta vare på naturen, seg sjølv og kvarandre.

Vi er altså ein liten barnehage, men vi veit at det gjer oss anledning til å kunne utrette store ting – vi skaper rom for undring og store tankar.

Fjordly barnehage er ein barnehage med utvida kristen formålsparagraf

Fjordly barnehage er ein barnehage tilknytt Normisjon sitt barnehagefellesskap og er derfor verdi messig forankra i den kristne trua. Vi praktiserer ei kristen tilnærming til barnehagens formålsparagraf. I Fjordly barnehages vedtekter står barnehagens formål beskrive på denne måten:

«Barnehagen skal sikre barna gode betingelser for aktivitet og utvikling i nært samarbeid med hjemmet, og hjelpe til med å gi barna en oppdragelse i tråd med de kristne grunnverdier. Barnehagen skal stimulere barna til å bli selvstendige, skapende mennesker med forutsetning for senere å ta ansvar og vise omsorg for andre.»

I den kristne trua står den gylne regelen sentralt, **«Som de vil at andre skal gjera mot dykk, så skal de gjera mot dei.»** (Lukasevangeliet 6,31). Denne regelen finn vi igjen i fleire religionar og livssyn, og den er eit godt utgangspunkt for korleis vi kan arbeide med samspel mellom menneske i alle alder og livssituasjonar. Ei anna tilnærming til desse verdiane er at, «Du skal elska nesten din som deg sjølv.» (Matteus 22, 39). Det er med andre ord viktig at vi først lærer å elske oss sjølv, slik at vi kan elske andre. Vi arbeider derfor i barnehagen med å støtte barna til å utvikle eit godt sjølvbilette slik at dei kan ha tru på eigne evner og eiga utrustning. Samstundes vil vi skape eit miljø der barna lærer å vise omsorg og forståing for kvarandre. I rammeplanen står det beskrive at:

«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal være trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. (...) Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna.»
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19)

Barna lærer ofte meir av det dei ser at vi vaksne gjer, enn av kva vi seier. Derfor er det viktig at vi i samspelet med barna går fram som gode eksemplar og kan vere anerkjennande, vise omsorg og respekt. Vi må vise toleranse for kvarande og samtidig både kunne tilgje og be om tilgjeving når ein sjølv eller nokon andre har gjort noko urett. Når barna opplever at vi som vaksne både rettleier dei og sjølv gjer dette i praksis, vil dei også etterkvart kunne tileigne seg desse verdiane. Dette er sunne og gode verdiar å ha med seg, uavhengig kva livssyn ein har.

I Fjordly barnehage er det kristne budskapet ein naturleg del av kvardagen og vert formidla gjennom til dømes; bøker, forteljingar, songar, formingsaktivitetar, samlingar eller plansjar og bilete på veggane som kan vekke undring til samtaler. I den daglege samlingsstunda

startar vi som regel med å syngje «Vi tek kvarandre hender» og avsluttar med bønna «Kjære far». Til måltid syng vi ofte bordverset «O, du som metter».

Vi tek kvarandres hender

*Vi tek kvarandres hender
og set oss i ein ring.
Vi er ei mengd med sysken,
det skil oss ingenting.
For Gud er Far til alle
og jorda er vår stad.
Og alle, alle menneske
vil vi til vener ha*

Bønn


Kjære far ta handa mi
Slepp ho aldri ut av di
Lei meg på din veg i dag
Gjer meg trygg og god og glad
Amen

Bordvers

O, du som metter liten fugl,
velsign vår mat, O Gud
Amen

Årshjulet

Vi har eit årshjul som viser kva bibelforteljingar vi nyttar, desse formidlar vi både gjennom forteljingar og høgtlesing frå barnebibelen. Gjennom året har vi eit nært samarbeid med kyrkja der vi både går på besøk dit og andre gonger får besøk av nokon som fortel oss bibelforteljingar. Dette er gjerne knytt opp til dei kristne høgtidene. Ein dag i månaden får vi også besøk av ein representant frå Fjordly Ungdomssenter som kjem og formidlar bibelforteljingar til barna.



Hovudsatsingsområde for 2023-2026:

Natur og Nærmiljø

Framover vil barnehagen jobbe med tema *naturen* og korleis vi trår i naturen for å bevare den og nytte oss av den. Vi legg opp til varierte turmål der vi planlegg aktivitetar og går målretta turar. «*Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i natur*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 52)

Gjennom opplevingar og samtalar med barna vil vi jobbe med å ta vare på naturen og nærmiljøet.

Fjordly barnehage har eit tett og godt samarbeid med samarbeidspartnarar i nærområdet rundt barnehagen. Vi vil fortsette med dette og ha fokus på korleis vi kan jobbe for å skape eit enda sterkare samarbeid med dei ulike partane. «*Personalet skal inkludere nærmiljø og lokale forhold ved planlegging og gjennomføring av aktivitetar*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 43)

Kvart år vil barnehagen ta føre seg eit nytt del satsingsområde. Dette vil vi ha som hovudtema det barnehage året, med ulike periodevise satsingsområde.

2022/2023: **Matematikk**

Barnhagen vil jobbe med matematikk i kvardagen. Her vil vi ha eit utvida fokus på matematiske samanhengar i kvardagen. Barna vil få utforske og være deltakande i aktivitetar for å styrke forståinga for matematikk. Vi vil leggje til rette for at barna skal forstå at matematikk er meir enn berre tall. «*Barne hagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande.*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.53)

2023/2024: **Friluftsliv**

Barnehagen har nær tilhøyrlegheit til naturen og friluftsliv. Vi ynskjer at barna skal bli betre kjende med naturen gjennom positive hendingar i kvardagen. Vi legg til rette for at barna skal bli gla i naturen og ta vare på den. Vi vil ha fokus på utvikling av motoriske ferdigheiter og jobbe med matlaging utandørs. Dette året vil vi fokusere ekstra på friluftsliv med barna, legge opp til aktivitetar knytt til utarbeiding av områder i naturen vi kan opphalde

oss over lengre tid. «Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen og får gode friluftslivopplevelingar året rundt» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.52)

2024/2025: **Dyra i nærområdet**

Her vil barnehagen jobbe med dyr vi har i nærmiljøet, både i sjøen og på land. Barnehagen vil jobbe for å styrke barna sin kjennskap til dyr og dyreliv i nærmiljøet, gjennom blant anna aktivitetar og turar i nærmiljøet. Vi vil legge opp til gardsbesøk gjennom samarbeid med gardane i nærmiljøet. «Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kunnskap om dyr og dyreliv» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 52)

2025/2026: **Vennskap**

Vennskap er eit tema vi har nært og alltid har med oss i arbeidet vårt. Dette året ynskjer vi å ha ekstra fokus på nettopp dette. Vi har tidlegare hatt dette som tema, grunna positive reaksjonar frå barna og positiv utvikling vil vi jobbe med dette over lengre tid og som eit større prosjekt. Fjordly barnehage vil legge til rette for at alle barn skal ha ei rolle i fellesskapet og være ein viktig del av eit fellesskap. Ein vil leggje til rette for at barna skal bygge relasjonar til andre barn og vaksne gjennom leik og samspel. «I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap.» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.22-23)



Årshjul for faste aktiviteter og tradisjonar.

I Fjordly barnehage har vi eit årshjul som viser dei faste aktivitetane våre. Desse er tilpassa årstida og aktivitetane er tilrettelagt for å kunne gjennomførast. Vi legg opp til varierte og allsidige aktivitetar gjennom året, som alle barn kan ta del i.

Desember

Julevandring
Adventssamling
Juleevangeliet
Lucia
Nissefest
Julegudsteneste

Januar

Tilvenning nye barn

November

Adventsførebuing
Julekakebaking
Tur til Bakeriet



Februar

Samane sin nasjonaldag
Kyrkjevandring
Karneval
Fastelavn

Oktober

Brannveke
Brannøving
FN dagen
Krabbefiske

Mars

Barnehagedagen
Brannøving
Fisketur

September

Grønsaker, bær og frukt
Hausttakkefest
Hausting i åkeren



April

Påskeevangeliet
Påskevandring
Så Karse
Eggiakt



August

Tilvenning
Vennskap
Familien min og meg

Mai

Såing i åkeren
17.mai fest med skulen
Pinse
Pinseevangeliet

Juli

Sommarkos
NB:
Sommarstengt

Juni

Sommarfest for barn og familie
Avslutning for førskulebarna



Informasjon

Ein grov oversikt over vår dagsrytme:

7.30	Barnehagen opnar
8.00 - 8.45	Dei barna som vil ete frukost i barnehagen kan gjere det i dette tidsrommet
9.00 - 11.00	Gruppedeling ute/inne, vi legg til rette for ulike pedagogiske aktivitetar.
11.00	Stell, samlingsstund.
11.30	Lunsj
12.00	Kviletid for sovarar / ute leik
14.30	Måltid med matboks og frukt/grønsaker
15.15	Inne/uteleik
16.30	Barnehagen stenger.

- I Fjordly barnehage tek barna med eigen matboks til frukost og ettermiddagsmat. Kvar haust er foreldregruppa med på å ta avgjersler om dei ynskjer å betale inn «mat, tur og kos» pengar. Ved betaling av kostpengar vil barnehagen stå for lunsj måltid i barnehagen. Det vil tidvis bestå av brødmatt og pålegg, men og varmmatt kvar veke (ein til fleire gonger pr. veke). Mat og drikke i barnehagen utgjør ein stor del av barna sitt totale kosthald, derfor er det av betydning at vi alle fokuserer på eit sunt kosthald som er til det beste for barna sin utvikling og helse. Når eit barn **har bursdag** ynskjer vi at barnet skal få høve til å bestemme lunsjen utifrå nokre alternativ som barnet kan velje mellom, vi har fokus på sunne alternativ. Kosthaldsplanen vil de finne på vår heimeside [Fjordly barnehage - Nyheiter \(minbarnehage.no\)](http://minbarnehage.no)
- **Forutsigbarheit, rutinar og trygge rammer skaper tryggleik for barna**, alle overgangar som t.d. levering i barnehagen bør vere ein slik forutsigbar, trygg og rutineprega situasjon for ditt barn. Det er viktig for dei minste barna at de prøver å skape ei lik ramme på leveringsituasjonen kvar dag og ikkje utset avskjeden dersom

barnet synes det kan vere vanskeleg å sleppe mamma/pappa. – Stor variasjon i måten å levere ditt barn på kan skape usikkerheit hos barnet. Det kan vere veldig lurt at du som ein klokare og trygg forelder tek avgjersler som angår ditt barn FØR de kjem til barnehagen, som t.d. at de har bestemt at barnet skal vere i barnehagen den dagen før de kjem i barnehagen og er vennleg og bestemt overfor barnet at slik er det. **Forutsigbarhet, positivitet og trygge rammer rundt fast leggetid er til det beste for barnets søvn**, og søvn treng barnet for å ha ein best mogleg dag. For lite søvn gjennom natta kan prege barnet negativt. Dersom barnet ditt søv på dagtid kan det vere lurt å ta ein prat med barnehagen for å samkøyre leggetidene, dette kan vere til det beste for barnet og ein slepp at barnet kan bli veldig sliten når måndagen kjem. Å legge seg og stå opp til dei same tidene gjennom heile veka er det kroppen vår liker aller best!

- **Å skape ein forventning kring ønska åtferd og fortelje barna kvifor, skapar tryggleik** - som t.d. at inne har vi inne stemme. Andre ting er at inne må vi gå fordi vi kan dette å slå oss, skade andre eller trakke på dei minste om vi spring. Vi må fortelje kva vi ønsker at barna skal gjere – konkret og kort som eksempelvis «*no er vi inne da må du gå!*» Barna lærer best av det vi gjer, ikkje så mykje av det vi seier. Det er derfor lurt å sjølv tenke over eigen praksis og prøve å vere gode rollemodellar for barna våre.
- **Ved sjukdom** held de barna heime til det er feberfritt og syner god allmenntilstand, takk for at de overheld 48 t. regelen ved diare/oppkast. Dersom barnet ditt treng oppfølging av ulike typar medisin i barnehagen må de i forkant fylle ut eit skjema som viser kva type medisin og dosering, utan dette skjema har ikkje personalet lov å gi noko form for medisin.(Vert delt ut ved oppstart) [Folkehelseinstituttet - FHI](#)
- **Smittevern og trafikklysmodellen:** Smitteverntiltaka må tilpassast den lokale situasjonen. For barnehagar vert dette gjort ved å nivåinndelege tiltaka i ein trafikklysmoell med grønt, gult og raudt nivå. Tiltaka vil variere frå tilnærma normal organisering av barnehagekvardagen (grønt nivå) til meir omfattande tiltak med små faste grupper av barn og tilsette og skjerpa reinhald (raudt nivå) det er smitteverns myndigheiter (lokale og nasjonale) som avgjer kva nivå som skal verk setjast til ei kvar tid. (Udir) [Nivåinndeling av smitteverntiltak – trafikklysmoellen - Helsedirektoratet](#)
- **Fjordly barnehage har eiga heimeside** der vil det med jamne mellomrom bli lagt ut blider frå barna sin kvardag. De vil og bl.a. finne ulike planar som årsplan, vedtekter, plan for inkluderande barnehage miljø, søknad om redusert foreldrebetaling og månadsplanen. Sjå link for meir info. <https://www.minbarnehage.no/fjordly> Vår opningstid: 7.30 – 16.30, **barna har opphaldstid maks. 8,5 t. dag**, takk for at de overheld denne.

- **Vi er mykje ute i barnehagen.** Barna treng gode vasstette regnklede og elles ute klede /sko etter været for å halde seg tørre gjennom heile dagen, fyll opp godt med bytteklede!
- **Redusert foreldrebetaling:** familiar med lågare inntekt kan søke kommunen om redusert foreldrebetaling. For meir informasjon: [Foreldrebetaling \(udir.no\)](https://www.udir.no/foreldrebetaling)
Direkte link til søknader til Kinn og Stad kommune finn de på vår heimeside.
- **Inkluderande barnehagemiljø:** Det er dei tilsette i barnehagen som har det overordna ansvaret for å skape eit trygt barnehagemiljø utan mobbing og krenkelsar, men det er heilt avgjerande og nødvendig å involvere foreldra i arbeidet med å skape vennskap og forebygge mobbing da vi saman er barna sine viktigaste rollemodellar.
- Regjeringa har frå 1.januar 2021 innført strengare og tydelegare reglar som skal sikre at alle barn har ein trygg og god barnehage kvardag, det skal vere nulltoleranse mot mobbing, plaging og utestenging frå leik. Foreldra skal vere trygge på at barnehagen er ein trygg plass å vere, desse endringane krev at barnehagen må arbeide systematisk for å forebygge mobbing og krenkande åtferd og at dei skaper eit miljø der barna skal trivast. Barnehagane har aktivitetsplikt som inneber at barnehagen har eit ansvar med å følgje med på korleis barna har det og setje inn tiltak ved mistanke om at barna ikkje har det bra eller om barn/foreldre ytrar bekymring om bekymring om at barnet ikkje trivast. Det alle viktigaste er at barn har det bra, derfor skal barn som treng det få hjelp heilt fram til barnet har det trygt og godt igjen.
[Barnehagemiljø \(udir.no\)](https://www.udir.no/barnehagemiljo)

Plan for inkluderande barnehagemiljø finn de på vår heimeside:

<https://www.minbarnehage.no/fjordly>



Alle foto /bilder som er publisert i Årsplanen er tatt i Fjordly barnehage.



Fjordly barnehage skal sikre at barnehagens

Trafikksikkerhetsarbeid

støttar krav som lover og forskrifter tilseier.

Med fokus på trafikksikkerheit hos tilsette, barn og forsette vil risikoen minske. Trafikksikkerheit er fastsett som en del av oppgåver og rutinar i barnehagen. Det vert lagt ned rutine i PBL Mentor og er nedfelt her i barnehagens årsplan .

Dette gjer vi:

- Det vert stilt krav til busselskap og drosjer om belte og trafikksikker åtfærd ved kjøp av transport.
- Tilsette kjenner rutinar for handtering av uforutsette faresituasjonar og hendingar på tur.
- Barnehagen har utarbeida rutinar for å ivareta sikkerheit på turar til fots, med bil eller buss.
- Barna lærer enkle trafikkreglar for fotgjengarar
- Barna lærer om sikring i bil, sykkelhjelm og refleks
- Rutinar for å ivareta barnas sikkerheit ved barnehagens parkeringsplass og port blir gjennomgått årleg med føresette
- Krav til føresette om å sikre barn på veg til og frå barnehagen.
- Trafikksikkerheit og trafikkopplæring er et integrert tema på foreldremøta.
- Foreldra involverast i barnehagens trafikksikkerhetsarbeid
- Foreldra får utlevert retningslinjer for trafikksikkerheit ved oppstart i barnehagen.
- Rutinar for gjennomføring av tur

Beredskapsplanar og rutinar i PBL Mentor, Fjordly barnehage: «Barn forsvinner frå barnehagen», «Sikkerheit på tur», «Sikkerheit på tur i buss og bil», «Registrering og teljing av barn», «Barn skader seg» i tillegg til øvrige beredskapsplanar.

Trafikksikkert i direkte tilknytning til barna: kvar gong vi er på tur snakkar vi med barna om kva vi må hugse på når vi er i trafikken. Vi jobbar også med dette i samlingsstundene i barnehagen. Vi brukar Trygg trafikks pedagogiske opplegg. Til dette opplegget er det bøker, lydbøker, spel m.m. Barna blir kjent med beltedyret Tarkus. Dette er ei hand dukke.

Våre trafikkreglar ute på tur:

Vi brukar stiar, fortau og gangveggar (der det finnast).

Vi går langs vegen.

Vi går alltid på rekke med ein voksen framme og ein bak, og resten strategisk plassert mellom desse om vi er fleire.

Vi går alltid på venstre side når vi går langs bilveg utan gangveg.

Vi stopper og ser til begge sider før vi går over vegen .

Barn og vaksne brukar alltid refleksvestar når vi er trafikantar.

Turansvarleg skal til ei kvar tid ha kontroll på at alle barna er tilstades, og kvar dei er.

Ved ulykker/skader gjeld rutinane som barnehagen har utarbeida på PBL Mentor.

Kollektiv transport:

Barna skal sikrast på best mogleg måte med det sikringsutstyret som er i bussen/drosja.

Det skal berre nyttast bussar/drosjer med trepunkts selar.

Turansvarleg skal til ei kvar tid ha kontroll på at alle barna er med, og kvar dei oppheld seg.

Personalet skal sikre at på – og avstiging skjer under sikra og kontrollerte forhold.

Ved ulykker/skader gjeld rutinane og prosedyre nedfelt i barnehagens HMS system Mentor

Foreldre rolla i trafikksikkerhetsarbeidet:

Barnehagen tar ansvar for at trafikksikkerheit tas opp som et tema på foreldremøte

Når det gjeld foreldre, er det forventa at de føl desse punkta:

Sikring av barn i bil. Alle barn sitter etter lovfesta krav og anbefaling for barn i bil

Anbefaling:

- Om mogleg rygge inn på parkeringsplassen
- Halde porten lukka
- Foreldra skal gå fyst ut av porten ved henting av barna

Område rundt barnehagen:

- Bilar skal ikkje stå med nøklar i, eller gå på tomgang utan vaksne i bilen!
- Parkering skal skje på parkeringsplassen, ikkje langs vegane
- Fartsgrensa inn til barnehagen er 20km/t, men vi oppfordrar til å senke farta ytterlegare.



Bilde: <https://www.barnastrafikkklubb.no/barnehage/trafikksikker-barnehage/> 28.02.2022

FAGOMRÅDENE

Som tidlegare nemnt arbeider barnehagen ut i frå **Rammeplan for barnehagen**, (Kunnskapsdepartementet, 2017). Rammeplanen er delt inn i sju fagområder og her er ei lita innføring i kva desse fagområdene inneheld.

Kommunikasjon, språk og tekst:

Vårt mål er at alle barn skal få høve til å utvikle eit godt munnleg språk og evna til å nytte språket sitt aktivt i samspel med andre. For å nå dette målet les vi bl.a. mykje bøker, syng songar, fortel eventyr, nyttar konkretar når vi fortel, har mindre språkgrupper og nyttar ulike materiell frå bl.a. snakkepakken.

Språk og kommunikasjon i barnehagen – mykje meir enn berre prat: Barnehagen skal bidra til at barn leikar med språk, symbol og tekst og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling, vi skal hjelpe barna å bruke språket til å skape relasjonar, delta og nytte språket aktivt i leik. **Barn lærer språk best gjennom å vere språklege aktive.**

Barn treng erfaringar i å bruke språket sitt, så tidleg og god språkstimulering er viktig i barnehagen. Personalet har ansvar for å invitere alle barn med på språklege aktivitetar og vi må legge til rette for at alle får varierte og positive erfaringar med å nytte språket som eit kommunikasjonsmiddel, som ein reiskap for egne tankar og kjensler og for å uttrykke egne meiningar. Språk og samhandling skal vere ein naturleg del av barna sin kvardag, i sandkassa, på turen bort til geitene og den daglege samhandlinga rundt måltidet og elles i barnehagekvardagen.

Ein dag i barnehagen består av mange kvardags situasjonar der barnet kan nytte språket sitt aktivt og eit godt språkstimulerande miljø er prega av eit personale som nyttar språket i samspel med barna gjennom heile dagen. Døme på slike situasjonar er ved måltid, i stellesituasjon, ved på og avkleding i garderobar, i sandkasseleiken og på turen bortetter veggen. Slike gylne språkarenaer er viktig å vere bevisst på samtidig som ein nyttar dei fullt ut, vi skal «bade» barna i språk.

Hos dei aller minste barna som ikkje kan å lese, vert mykje av kunnskapen deira skaffa gjennom samtaler med dei vaksne. Dette dreiar seg ikkje berre om det uttalte ordet, men også kroppsspråk, blick og tonefall som den vaksen nyttar i sitt møte med barnet. (Gjems og Løkken 2011)


Kommunikasjon er viktig for å forstå og bli forstått. For å kunne klare å hevde seg positivt i samvær med andre er det sentralt å kunne klare å beherske språket. Å setje egne grenser ved å seie nei om det skjer noko eit barn ikkje likar er ein viktig kommunikasjonsferdigheit i barnehage kvardagen. Større barn som ikkje kommuniserer godt munnleg kan bli overhøyrtd eller tilsidesett av andre barn i leiken. Manglande kommunikasjon kan og vere årsakene til konfliktdar, døme på dette kan vere at 2 åringen som foreløpig ikkje klarer å setje ord på

eigne kjensler og ynskjer, kan bite, skubbe og slå i rein frustrasjon. Barna sitt språk er ein del av sosialiseringprosessen og har stor betydning for trivsel og ei kjensle av meistring i kvardagen.

Det er svært viktig og ein god strategi å jobbe aktivt og systematisk med språkstimulering i barnehagen gjennom heile året. På denne måten kan vi skape viktige og gode relasjonar og oppnå eit trygt og godt samspel mellom barna. [Språk i barnehagen – mye mer enn bare prat \(udir.no\)](http://www.udir.no)

Sosial kompetanse er nøkkelen til trivsel i fellesskapet i barnehagen – sosial kompetanse kan definerast som eit sett med ferdigheiter og kunnskapar som eit menneske treng for å omgå andre på ein positiv måte – språket er ein av desse ferdigheitene.

Barn er sosiale helt frå fødselen, og de kommuniserer med vaksne og kvarandre både gjennom kroppslege og språklege handlingar. Sosial kompetanse handlar om å kunne kommunisere og samhandle godt med andre i ulike situasjonar. Denne kompetansen er sentral for at det einskilde barnet skal lykkast og trivast, og for at det skal bli verdsett som venn og likeverdig deltakar i samspelet med dei andre barna. Eit barn som samhandlar godt med andre, kan både tilpasse seg fellesskapet og vere ein synleg deltakar som hevder sin plass. Forsking viser at barna sin evne til å etablere vennskap i stor grad heng saman med den sosiale kompetansen. Sosial kompetanse består av eit sett ferdigheiter som t.d. sjølvkjensle, empati, prososial åtferd, sjølvhevding og sjølvkontroll. [5. Sosial kompetanse \(udir.no\)](http://www.udir.no)




Kropp, rørsle, mat og helse:

Gjennom arbeidet med dette fagområdet skal vi bidra til at barna utviklar ei positiv sjølvkjensle gjennom kroppsleg meistring, vi sørger for at barna skaffar seg gode allsidige erfaringar og opplevingar ved å bruke kroppen aktivt både ute og inne gjennom heile året. Vi nyttar til dømes hinderløype, turar i ulendt terreng og dans. Barna skal gjennom arbeidet med grønsaksåkeren vår få innsikt i prosessen frå frø til grønsak og frå grønsak til mat – frå jord til bord.



Mengd, rom og form:

Barnehagen skal bidra til at barna opplever glede over å utforske og leike med tal og former og at dei tileignar seg gode og brukbare matematiske former. I kvardagen vår tel vi både mengd barn og vaksne som er til stades, vi tel bilar på tur, vi målar stor og liten/tung og lett, finn ulike mønster, lagar rekkefølge, møter ulike matematiske former, deling: kor mange har du?



Etikk, religion og filosofi:

Gjennom dette fagområdet skal barnehagen bidra til at barna tileigne seg samfunnets grunnleggende normer og verdier, barna skal utvikle toleranse, respekt og interesse for kvarande sine bakgrunnar, kultur, religion eller livssyn. I barnehagen synger vi for maten, har bøn i samling, syner nulltoleranse for mobbing/utestenging, markering av FN dagen, ulike tradisjonar, merkedagar og høgtider, månedlege bibel forteljingar og har fokus på vennskap gjennom heile året.



Nærmiljø og samfunn:

Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjend med eige nærmiljø, samfunnet og verda rundt oss.

I barnehagen ynskjer vi å vere mykje ute gjennom heile året, vi vil ta barna med på turar i nærmiljøet, gje dei erfaringar frå ulendt terreng i skog og mark både i nærleiken til barnehagen og i områder lenger vekk.



Kunst, kultur og kreativitet:

Barnehagen skal bidra til at barna utviklar skaparglede, tar i bruk fantasi og kreativ tenking og får høve til å uttrykke seg gjennom skapande virke. I barnehagen lagar vi ulike byggverk av lego og klossar og har ulike formingsaktivitetar som teikning, maling, plastilina og snøskulpturar. Vi inkluderer også bruk av ulikt naturmateriell i arbeidet med dette fagområdet.



Natur, miljø og teknologi:

Barna skal få oppleve naturen og undring over naturen si endring og mangfald gjennom året. Få erfaring med og kunnskap om dyr og få innsikt i miljøvern. I barnehagen vår ynskjer vi å legge til rette for at barna kan få lære seg å syne omsorg for dyr, alt frå små innsikter til krypdyr til dei større gardsdyra som vi får lov å besøke.



Våre arbeidsmetodar:

- **Personale -og planleggings møter:** ein gang pr. månad.
- **Avdelingsleiarmøte:** ca. eit møte i månaden.
- **Leiarmøte:** kvar veke. (Leiargruppa dagleg leiar og avdelingsleiarar).
- **Planleggingsdagar :** 6 dagar i løpet av eit barnehage år. Vert nytta til mellom anna eksterne og interne kurs, fagleg påfyll, planlegging, evaluering, vurdering, refleksjon og dokumentering. (Eksterne og interne kurs og fagarbeid: i tråd med behov og satsing)
- **Resultatleing:** formålet med resultatleing er å arbeide kvalitetsbevisst, vi skal styrke dei ulike rollene innad i personalgruppa samt styrke vår faglege kompetanse og sikre utvikling. Vi har pr i dag 8 ulike fokusområde som vi har utarbeidd ein beste praksis utifrå, og som vi jamleg evaluerer.
- **Språkkista:** inneheld konkretar og ulik spennande materiell som vi bruker i det daglege arbeidet med språkstimulering i barnehagen.
- **Snakkepakken:** innehelder diverse konkretar/figurar og eventyr som vi kan nytte i formidling av song, eventyr og bøker til barna.
- **Cos-sirkelen:** vi nyttar denne aktivt på avdeling, spesielt i tilvenningsfasen der primærkontakt er tett på barnet den fyrste tida.
- **Grøne tankar – glade barn:** er ein materiellpakke som kan nyttast for å stimulere barna sine tankar og kjensler, tiltaket kan hjelpe barna til å regulere eigne kjensler samt å fremje empati og prososial åtferd.
- **Kompetansepakker frå utdanningsdirektoratet:** desse gir fagleg påfyll og støtte til å utvikle kompetanse og praksis i barnehagen. Hausten 21 starta heile personalgruppa på kompetansepakken: «Trygt og godt barnehagemiljø»

Barnehagen som pedagogisk organisasjon:

Målet med barnehagen som pedagogisk organisasjon er å gje barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon og det pedagogiske arbeidet skal vere med bakgrunn i barnehagelova og rammeplanen.

Planlegging: Planlegging gir personalet eit grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. All planlegging må basere seg på kunnskapen vi har om barna sin trivsel og allsidige utvikling både i grupper og individuelt, på observasjonar, dokumentasjonar, refleksjonar og samtaler. All denne planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen og skal vere vidare utgangspunkt for felles refleksjonar og utvikling i organisasjonen.

Vurdering: Barnehagen skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet utifrå barnehagelova, rammeplanen og barnehagen sine planar. Målet med vurderingsarbeid i barnehagen er å sikre at alle barn får eit tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggast på personalet sine felles refleksjonar kring barnehagen sitt faglege innhald, formål og oppgåver. Denne arbeidsmåten kan hjelpe personalet til å lære av eigen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som ein pedagogisk organisasjon.

Dokumentasjon: Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske organisasjonen. All dokumentasjon av det arbeidet personalet gjer i barnehagen viser foreldre, lokalmiljøet og kommunen korleis vi arbeider og kva barna opplever og lærer for å oppfylle krava i rammeplanen og barnehagelova. ([Dokumentasjon \(udir.no\)](http://Dokumentasjon.udir.no))

Den pedagogiske dokumentasjonen fungerer også som eit verktøy for pedagogisk refleksjon innad i personalgruppa. Det er nyttig når den pedagogiske organisasjonen og samhandlingane i barnehagen skal kartleggast, analyserast og drøftast. (Ødegård & Røys, 2013, s.136)

I Fjordly barnehage dokumenterer vi dagleg gjennom å ta blider av barna i ulike aktivitetar, både planlagde og ikkje planlagde. Eit utval av desse blidene vert kvar månad lagt ut på vår heimeside .

Blidene vert også nytta til å lage pedagogiske dokumentasjonar som skal synleggjer vårt arbeid i barnehagen på ein enkel og oversiktleg måte overfor forledene.

SAMARBEID

«Benevninga «heimen» og «foreldrene» omfatter også andre foresatte. Barnehagen skal ivareta forelderens rett til medverking og arbeide i nært samarbeid og forståing med foreldrene, jf. barnehagelova § 1 og § 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldrene og barnehagen sitt personale har eit felles ansvar for barnet sin trivsel og utvikling.

Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldrene. Foreldresamarbeidet skal både skje på individnivå, med foreldrene til kvart einskild barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. På individnivå skal barnehagen legge til rette for at foreldrene og barnehagen jamleg kan utveksle observasjonar og vurderingar knytt til det einskilde barnet sin helse, trivsel, erfaringar, utvikling og læring. Barnehagen skal begrunne sine vurderingar overfor foreldrene og ta hensyn til foreldrene sine synspunkta. Samarbeidet skal sikre at foreldrene får medverke til det individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både foreldrene og personalet må forholda seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte. Barnehagen må tilstrebe at barnet ikkje kjem i lojalitetskonflikt mellom heimen og barnehagen».

[5. Samarbeid mellom hjem og barnehage \(udir.no\)](#)

I Fjordly barnehage har vi jamlege møter der vår praksis blir vurdert og evt. justert. Det vert gitt rettleiing etter behov for å heve eigen bevisstheit, meistringskjensle og kompetanse.

Samarbeid mellom heim og barnehage

Barnehagen skal i samarbeid med og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling jf. barnehagelova §1 [5. Samarbeid mellom hjem og barnehage \(udir.no\)](#)

I Fjordly barnehage er det svært viktig for oss å ha eit godt og tett samarbeid med alle foreldre/føresette til barna. I fellesskap kan vi skape og legge til rette for dagar som er til

I Fjordly barnehage deltar vi på aktuelle kurs/nettverk og les faglitteratur og deler erfaringar med kvarandre. Vi nyttar rammeplanen aktivt i vårt pedagogiske arbeid både når det skal planleggast og evaluerast.

det einiskilde barnets beste. Alt vi i barnehagen gjer skal ha barnets beste som sitt grunnlag, derfor er det heilt nødvendig med ein open, varm og likeverdig relasjon mellom heimen og barnehagen der begge parter har eit gjensidig ansvar for å støtte barnet sin utvikling på alle områder.

Ulike samarbeidsformer:

- Dagleg kontakt i hente og bringesituasjonen
- Foreldremøte: kvar haust
- Foreldresamtaler: Alle vert kalla inn til samtale kvar haust (alle får eit tilbod på våren) ellers ved behov.
- Foreldrerådets arbeidsutval (FAU): 4 foreldre vert valt kvar haust på foreldremøtet, FAU dannar eit utval som skal ha høve til å ha medverking i barnehagens verksemd og utvikling og utvalet er foreldregruppa sitt talerøyr i samarbeid med barnehagen. Dei skal vere med å bidra til eit trygt og godt miljø for alle.
- SU: samarbeidsutvalet – 2 foreldre frå FAU er valt inn i SU, her finn vi og representantar frå personalgruppa, eigarsida og frå kommunen. SU har minimum to møter årleg, og utover det ved behov. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Samarbeidsutvalet skal bli førelagt saker som er viktige for barnehagen sitt innhald og virksomhet, og for forholdet til foreldrene. SU skal vere med å fastsetje bl. a. årsplanen og øvrige saker av viktighet er forslag til budsjettet eller ulike driftsendringar.

Foreldreråd og Samarbeidsutvalg (SU)

I tillegg til daglig kontakt, foreldresamtaler og foreldremøter m.m. finnes det noen lovpålagte samarbeidsorgan som skal sikre at foreldre har reell påvirkning på det som skjer i barnehagen. I *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver* står det: «barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldrene. Foreldresamarbeidet skal både skje på individnivå, med foreldrene til hvert enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalget.»

Foreldrerådet er et lovpålagt organ som består av alle foreldrene i barnehagen. Her kan de møtes, diskutere ønsker og behov og komme med forslag til barnehagen. I samarbeidsutvalget møtes foreldre, ansatte og barnehagestyrer for å diskutere saker som påvirker barnas hverdag. Her settes standarden for samspillet mellom hjem og barnehage.

[Her kan du lese alt om Foreldrerådet, Foreldrerådets Arbeidsutvalg](#)

<https://foreldreutvalgene.no/fub/foreldresamarbeid-i-barnehagen/>

Personalsamarbeid – eit godt samarbeid blant personalet skaper både trygge vaksne og eit godt barnehagemiljø. Ein gjennomgåande akseptierende og anerkjennande veremåte bidrar til tryggleik, tillit og trivsel. [9. Personalets samarbeid for et godt barnehagemiljø \(udir.no\)](http://udir.no)

I Fjordly barnehage er vi bevisst på å utvikle ein kultur der kollegaer hjelper og støtter kvarandre, noko som kan vere med på å motvirke usikkerheit og stress og heller bidra til ein aktiv deltaking, engasjement og innsats. Vi nyttar bl. a. daglege samtaler, avdelingsmøter, personalmøte og planleggingsdagar til å utveksle erfaringar, gjere nødvendige endringar, sikre forståing og vidare utvikling for kvar einskild medarbeidar.

Tverrfagleg samarbeid: i Fjordly barnehage samarbeider vi med diverse ulike instansar og aktørar :

PPT her med m.a. observasjonar og faglege drøftingar.

Ein dag i månaden får vi også besøk av ein representant frå Fjordly Ungdomssenter som kjem og formidlar bibelforteljingar til barna. (frå 3 år)

Kyrkja med m.a. kyrkjebesøk til Totland kyrkje ved jul og påske

Bryggja skule.

Stad kommune.

BUP. Helsestasjonen.

Bryggja omsorgssenter. Førskulegruppa deltek i livsglede for eldre. Ein ideel stiftelse som bidrar til å skape meningsfulle kvardagar for eldre.

Bakeriet.

Vi er heldige som har eit flott lokalmiljø med ulike gardar og dyr som vi får lov å komme på besøk til.

Med fleire.




OVERGANGAR

Eit barn møter på mange overgangar i livet. Å begynne i barnehagen er ein overgang for heile familien

Når barnet begynner i barnehagen:

Barnehagen skal i samarbeid med føresette legge til rette og sørge for at alle barn får ein trygg og god start i barnehagen. Det er viktig at barnehagen har individuell tilpassing for kvart einskild barn og skapar tid og rom slik at barnet får etablere relasjonar og knytte seg til personalet og andre barn. [Når barnet begynner i barnehagen \(udir.no\)](http://udir.no)

Fjordly barnehage nyttar trygghetssirkelen i sitt arbeid med barna. Trygghetssirkelen er ein visuell sirkel, der den vaksne er den trygge og sikre basen. Når barnet er utforskande og nysgjerrig beveger det seg ut frå den trygge basen sin, barnet vil framleis vere avhengig av den vaksne i form av støtte og hjelp. Når barnet er nede i sirkelen har barnet behov for beskyttelse, trøyst, omsorg og hjelp til å forstå egne kjensler.



Når barnet skal begynne i Fjordly barnehage vil foreldra/føresette i forkant få tilsendt eit velkomstbrev med nødvendig informasjon. Barn med foreldre/føresette vil så få tilbod om ein besøksdag der dei kan få høve til eit kortare besøk for å bli litt kjend. På oppstartdagen vert de møtt av ei primærkontakt som tek seg særleg av barnet og foreldra/føresette den fyrste tida i barnehagen. Det er særst viktig med ei individuell tilpassing som skjer på barna sine premiss og i tett samarbeid og dialog med foreldra.

I Fjordly barnehage har vi fylgjande generelle anbefalingar ved oppstart:

- Dag 1: Ein kortare dag for barnet der foreldra/føresette er til stades heile tida.
- Dag 2: Ein noko lengre dag og foreldra/føresette kan prøve å trekke seg vekk ei kort tid (tilpasse barnet)
- Dag 3: Ein prøver at foreldra/føresette er noko lengre vekke, men likevel ein kortare dag for barnet enn ordinært (tilpasse barnet.) - Dette er kun generelle anbefalingar, vi legg alltid opp til at barnet kan trenge noko lenger tilvennings periode. I Fjordly barnehage ynskjer vi å ha ein tett dialog med foreldra, og då spesielt den fyrste tida. Vi nyttar sms/telefon for tilbakemeldingar om korleis det går med barnet, og ber gjerne foreldra ringe oss så ofte dei ynskjer.

Etter ei tid (ca. 6 veker) vil foreldra alltid bli kalla inn til ein oppstart-samtale der det vert gitt nokre føringar kring barnets generelle trivsel og utvikling og det vert høve for avklaringar/spørsmål frå føresette.

Når mor/far skal gå: kan det vere freistande å snike seg vekk før barnet oppdagar at du skal gå, men dette skaper berre utrygghet. Barnet skal få erfare at foreldrene går og at dei kjem tilbake for å skape forutsigbarheit og tillit. Ofte opplever vi at foreldrene også treng tid, for nokre er dette deira fyrste møte med barnehagen der alt er nytt, derfor er det særst viktig med ein god og tett dialog der vi kan trygge både barn og foreldre.

NÅR BARNET BYTTAR AVDELING

Å gå frå småbarnsavdeling til storbarnsavdeling kan vere både veldig spennande men også litt skummelt. I Fjordly barnehage sørger vi for at familien får beskjed i god tid før overgangen skjer, på denne måten kan mor/far førebu barnet gjennom samtaler heime og avklare evt. bekymringar som barnet kan ha.

I barnehagen nyttar vi den siste tida på avdeling til å gå på besøk til den nye avdelinga slik at barna skal få kjennskap til både barn, personale og eit nytt miljø. Desse hyppige besøka er svært viktig slik at barnet skal få kjenne på ein god tryggleik og kjennskap til det som skal skje.

NÅR BARNET SLUTTAR I BARNEHAGEN OG BEGYNNER PÅ SKULEN

Barnehagen og skulen skal i samarbeid legge til rette for overgangen frå barnehage til skule, dette skal skje i eit nært samarbeid med barnet sin heim. Barnehage og skule bør gi kvarandre gjensidig informasjon om sine organisasjonar og det bør leggjast til rette for at barna kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. [Overgangen mellom barnehage og skole \(udir.no\)](http://udir.no)

Å gå frå å vere eldst i barnehagen til å bli yngst på skulen kan vere både spennande men også litt skummelt. Nokre barn kan trenge mykje trygging på denne overgangen i forkant derfor er det særskild viktig med eit godt samarbeid med skulen til barna.

I Fjordly barnehage har vi i fleire år hatt eit godt og tett samarbeid med Bryggja skule og andre skular som barna skal begynne på, der barna har fått kome på besøk med jamne mellomrom frå januar til juni. Dette er eit godt førebyggjande tiltak der vi saman kan hjelpe barna til å få ein god og trygg overgang.



Foto: <http://sprellopp.no/wp-content/uploads/2017/12/Kompetanse-for-mangfold-hender> 28.01.22

Danning, omsorg, leik og læring

Danning

Ødegård og Røys (2013) legg fram at danningprosessen fyl barna heile vegen gjennom livet. Prosessen startar som nyfødt og blir utvikla kontinuerleg gjennom erfaringar og opplevingar. Barn i barnehagen er heilt i starten av sin danningprosess. Møtet med andre barn, vaksne og barnehagens innhald og arbeidsmåtar vil ha stor betydning for barnets danning.

Barnehagen skal fremje danning ved å oppmuntre barna til å være sjølvstendige, modige og deltakande i deira kvardag. I barnehagen vil vi støtte barna i utviklinga av kritisk tenking, etisk vurdering, evne til å yte motstand og handlingskompetanse. På denne måten kan barna bidra til framtidige endringar i samfunnet. Barnehagen skal støtte barna under utviklinga av danning gjennom omsorg, leik, læring, samspel og sosial kompetanse.

Personalet i barnehagen skal: (Kunnskapsdepartementet, 2017)

- Utfordre tankane til barn og skape refleksjon rundt aktivitetar og hendingar.
- Synleggjere, støtte og ulike behov, perspektiv og meiningar i fellesskapet.
- Være gode rollemodellar for barna
- Vise barna respekt i samtaler, svare på spørsmål og være ein reflekterande samtalepartner.

Omsorg

I barnehagen skal personalet gi høve til at barna kan utvikle tillit og omsorg til seg sjølv og andre. Omsorg vil være ein føresetnad for at barn skal føle seg trygge i barnehagen. Gjennom omsorg utviklar barn empati og nestekjærleik. Barnehagen har fokus på at alle barn skal bli sett og høyrte, slik at barna føler dei er ein del av eit fellesskap. Ein jobbar også for at det skal knytast vennsksbands og omsorgsfulle relasjonar mellom barna, men også mellom personalet og barna.



Leik og Læring

Leik og læring heng saman i barnehagen, barn lærer best gjennom leik og leikprega aktivitetar. «Vi veit i dag at leiken kan stimulere alle sidene ved utviklinga til barnet, både den språklege, sosiale, emosjonelle, kognitive, moralske og motoriske utviklinga.» (NDLA) Gjennom barnehagedagen er leik den største delen barna deltek i, barna utviklar skjønn og kunnskap gjennom leik. Leiken som barna deltek i skal være

lystbetont og barna skal få medverke utviklinga i leiken. Personalet går også inn i leike for å hjelpe barna å vidareutvikle leiken og støtte barna der det er behov for hjelp. Ein kan tilføre nye element i leiken som gjer at barna utviklar den noverande leiken, på denne måten utviklar barna seg og blir kreative. «*Barn lærer gjennom alt de opplever og erfarer gjennom hele barnehagehverdagen. Det innebærer både formelle og uformelle lærings situasjoner.*» (Wolf, 2014)

Ved å legge til rette for leik i barnehagen, gjennom organisering, hjelp personalet barna og utvikle seg sosialt. Vi legg til rette for aktivitetar som alle barn har moglegheit til å være med på å gjennomføre, på denne måte inkluderer vi alle barna.



Barns medverknad.

Barnehagelova § 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art 12 nr. 1. sikrar at barna får høve til å gi uttrykk for kva dei synast om den daglege verksemda i barnehagen.

Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. (RP, s.27)

Barn i Fjordly barnehage får være med på å medverke sin eigen kvardag, gjennom ulike val knytt til alder, erfaring, individuelle føresetnadar og behov. Barna får være med å påverke måltid, leik, aktivitetar og turar i kvardagen. Barna får komme med ynskjer, forslag og meiningar til aktivitetar og turmål. Csikszentmihalyi (1997) sin teori om kreative menneske handlar om korleis ein kan pendle mellom det leikande og flytande og det meir strukturerte og målretta. Eit kreativt personale vil i større grad sjå og opne opp for barns idear og uttrykk, i motsetning til dei som har fokus på at barna skal være rolege, reine og pene.

Bae, Eide, Winger og Kristoffersen (2006) legg fram at måten barn kan medverke på i barnehagen er meir ein form for medbestemming. Når barn deltek i planlegging og er med på å påverke utforminga av ein aktivitet eller hending, har personalet i barnehagen enda ansvaret. På denne måten er barna med på å bestemme, utan at det vil få store konsekvensar for dei i etterkant uansett utfall.




Utvikling

Spiralprinsippet:

I arbeidet vårt i barnehagen nyttar vi Jerome Bruners «Spiralprinsippet». Dette handlar om at vi repeterer og gjentek deler av dei ulike tema vi går igjennom og på denne måten bygger vidare. Ved å repeterer og bygge på litt etter litt har barna kjennskap til temaet, men blir tilført noko nytt dei kan knytte og relatere til det som dei allereie har lært og vært igjennom. På denne måten bygger vi gradvis vidare på barnas kunnskap.

Til dømes kan vi arbeide med temaet om «Dyra i skogen» med dei aller minste barna og deretter ta opp igjen det same temaet året etter. Men då er barna eldre og vi kan legge til ny kunnskap og bygge vidare på den kunnskapen dei allereie har tileigna seg. Med dei minste kan det halde å fokusere på korleis dyra ser ut og kor dei bur, men når barna vert større kan ein fordjupe seg i kva dyra et, korleis dei skaffar seg mat, korleis dei endrar seg gjennom året osv.

Bruner, J. S. (2006). *In Search of Pedagogy Volume I: The Selected Works of Jerome Bruner, 1957-1978*. Routledge.



Progresjonsplan låringen:

Kommunikasjon, språk og tekst:	Bruke språket aktivt gjennom dagen i formelle og uformelle situasjonar. Vi har kortare og lengre songar, rim og regler i løpet av samlingsstunder og andre situasjonar. Vi nyttar peikebøker og bildebøker tilpassa for alderen og nyttar dialog-metodisk lesing. Dei vaksne i barnehagen lyttar til kva barna vil formidle gjennom lyd, kroppsspråk, mimikk og einskildord. Vi setter ord på det barna opplev og gjennomfører i løpet av ein dag.
Kropp, rørsle, mat og helse:	Vi legg vekt på allsidig rørslemønster som til dels åle, rulle, krype og gå og det å bevege seg i ulendt terreng for å fremje dei grovmotoriske ferdigheitene Fokus på dei grunnleggjande rørslemønstera, med individuell tilrettelegging ved behov. Vi nyttar det varierte uteområdet vårt, med leik i sandkasse, skogen og dei fine turområda rundt barnehagen. Vi har eit fokus på at alle skal få oppleve allsidig leik i barnehagen og at vi er støttande i læringsprosessen deira. Fokus på god hygiene, der barna tidleg tileignar seg eigenskapen å vaske hender og munnen sjølve. Sunt og variert kosthald er noko vi har sterkt fokus på i kvardagen. Barnehagen tilbyr grove kornprodukter, ulike pålegg og varmmat, samt eit variert utval av grønsaker og frukt.
Kunst, kultur og kreativitet:	Barna skal få erfaring med vassfargar, fingermaling, teikne med tusj/fargeblyantar. Vi har fokus på at barna skal få drive med konstruksjonsleik ved bruk av klossar, sand og ulike naturmateriell. Vi nyttar instrument og musikk i samling saman med barna. Vi har fokus på å legge til rette for sanslege aktivitetar, der barna kan uttrykkje seg, lære og oppleve med gjennom sansane sine. Det er ikkje resultatet som er i fokus, men prosessen.
Natur, miljø og teknologi:	Vi har fokus på å være ute i all slags vær, der vi nyttar naturen som ein arena for leik og oppleving. Vi tar turen til nabogardane for å sjå på ulike dyr og lære om desse.
Mengd, rom og form:	La barna bli kjende med talrekka. Nytte naturlege situasjonar til teljing (t.d telje fingrar og tær i stellesituasjonar).Lære/ kjenne på ulike former gjennom bruk av putteboks. Øve seg på rydding/sortere leikar. Få kjennskap til ulike fargar.
Etikk, religion og filosofi:	Vi vil lære barna til å ta omsyn til kvarandre, «Den gylne regel» står sentralt for oss. Vi gir barna kjennskap til kristne tradisjonar og verdiar, og nyttar oss av bordvers med kristent innhald. Stimulerer til og skaper rom for samtaler og felles undring.
Nærmiljø og samfunn:	Barna blir kjende med nærmiljøet gjennom turar og samtalar med personalet. Vi besøker nærliggande gardar og følgjer med på dyra gjennom året. Fokus på å halde naturen rundt oss rein og fin, vi er miljøagenter året rundt og ryddar det bosset vi ser når vi er på turar

Progresjonsplan: 2-3åringen:

Kommunikasjon, språk og tekst:	Vi hjelper barna til å uttrykke sine egne meningar og kjensler, ved å setje ord på kjensler. Vi støttar barna i den språklege utviklinga deira, ved å samtale, lese, synge, spele og setje ord på det ein ser. Gjennom leik eksperimentera vi med ord, rytme, rim, regler og andre språkstimulerande aktivitetar. Vi synleggjer kulturelt mangfald ved å synge songar frå ulike kulturar og på forskjellige språk. Vi set av tid med barna til refleksjon rundt situasjonar og let barna fortelje oss kva dei opplev.
Kropp, rørsle, mat og helse:	For 2-3åringane har vi meir fokus på turar, der vi aukar avstanden til turmålet. Vi tek dei med på turar i ulendt terreng, slik dei får utvikle grovmotorikken og oppleve meistringsglede gjennom fysisk utfolding. Barnehagen sitt varierte uteområde gir gode moglegheiter for å øve balanse, lære seg å sykle, gå på ski og å få kjennskap til ulike reiskap. God hygiene er viktig. Vi har fokus på eit sunt og variert kosthald, gjennom samtalar med barna og presentasjon av nye sunne rettar. Barnehagen tilbyr grove kornprodukter, ulike pålegg og varmmat, samt eit variert utval av grønnsaker og frukt. Vi snakkar med barna om kroppen og gir dei tryggleik på eigen kropp, alle er ulike.
Kunst, kultur og kreativitet:	Vi gir barna moglegheit til å oppleve skaparglede gjennom å klippe og lime, forme, male, skrive og teikne. Barna får høve til å bli kjend med ulike typar musikk, dans, drama, kunst/bilete-kunst og språk. Vi har stunder der barna får nytte fantasien og let barna bruke sansane sine. Barna skal oppleve glede og stoltheit over sine egne kulturelle tilhøyrslar.
Natur, miljø og teknologi:	Vi nyttar naturens mangfald og let barna få høve til å bli kjende og glade i naturen rundt oss og skape vilje til å verne om den. Vi skapar gode opplevingar i all slags vær. Barna får kjenne årstidene på kroppen gjennom uteaktivitetar og turar. Vi har eit gjennomgåande fokus på dyr og dyreliv, og snakkar om kva dei ulike dyra gjer om sommaren/vinteren.
Mengd, rom og form:	Vi let barna eksperimentera og leike med tall i ulike situasjonar. Vi lærer om matematiske-omgrep (sirkel, firkant, kvadrat, trekant). Barna får delta i kvardagslege aktivitetar der dei kan lære om matematikk, som borddekking, rydding og sortering. Skape rom for læring, kjennskap til at der er digitale verktøy. Styrke barnas nyfikenheit og interesse for matematiske samanhengar.
Etikk, religion og filosofi:	Vi vil lære barna til å ta omsyn til kvarandre, «Den gylne regel» står sentralt for oss. Vi gir barna kjennskap til kristne tradisjonar og verdier, og nyttar oss av bordvers med kristent innhald. Vi avsluttar samling med «Kjære far» og har bibelforteljingar frå nye testamentet, med mellom anna bilete, figurar og flanellograf. Barnehagen har eit samarbeid med ungdomssenteret, noko som gjer at vi får besøk ein gang i månaden og får formidla bibelforteljingar.
Nærmiljø og samfunn:	Lengre turar i nærmiljøet for å gjere oss kjende med omgivnadane våre. Vi vil skape kunnskap kring lokale tradisjonar og har samarbeid med lokale gardar og føresette som gir oss moglegheit til fiske og gardsbesøk. Vi lærar barna om Noregs urfolk, samane, gjennom markering av samedagen i barnehagen.

Progresjonsplan:

4-5åringen:

Kommunikasjon, språk og tekst:	Barna kan å bruke spørjeord og stille spørsmål dersom det er noko dei lurer på. Dei har fått kjennskap til sortering og har tatt i bruk overomgrep som dyr, mat og leikar. Barna er og blitt kjend med setningsproduksjon og brukar 4 ords setningar. Barnet kan leike og tøyse med ordspråket.
Kropp, rørsle, mat og helse:	Barnet viser uthaldning i grovmotoriske aktivitetar som tur, leik i ulendt terreng og variert underlag. Det får bli kjend med ulike reiskap som sykkel og ski, dette tilpassar vi årstida og omgivnadane. Barna får utvikla finmotorikken gjennom ulike øvingar, som å kle seg sjølv og det å lære å kle seg etter været. Barna for lære om kroppen, lære om matlaging og korleis god og sunn mat kan ha innverknad på kroppen.
Kunst, kultur og kreativitet:	Barna får oppleve teater, film, bilete og sjå kunst av lokale kunstnarar. Barna lagar sin eigen kunst med ulike materiell, dei får oppleve å sanke inn materiell til formingsaktivitetar. Barna får lære seg songar og rim, og lære om kulturen i nærområdet.
Natur, miljø og teknologi:	Vi gjer barna miljøbevisste, gjennom søppelplukking i nærområdet. Vi lærer barna om miljøvern og kva konsekvensane av forsøpling er. Barna får oppleve forskning og eksperiment, for eksempel korleis varmt vann blir snø når det opplev hurtig nedkjøling utandørs.
Mengd, rom og form:	Barna får være med å dekke bord, fordele rett mengd på borda og korleis vi plassera fat, glas og bestikk. På tur let vi barna telje barnegruppa, vi lærer barna å gå på rekke og lære rekketal (fyrst, sist). Vi tek i bruk ulike spel (brettspel eller nettbrett) som Ludo, stigespel m.m.
Etikk, religion og filosofi:	Vi har fokus på «Den gylne regel», vi lærer barna om korleis vi skal behandle andre, både menneske og dyr. Lære barna å vise omsorg, tilgje og be om tilgjeving. Lære barna om empati og det å ta andre sine perspektiv, korleis dei kan hjelpe andre ved å setje seg inn i deira situasjon. Vi har bibelforteljingar, bøn og songar. Vi har også eit godt samarbeid med kyrkja og reiser dit på besøk.
Nærmiljø og samfunn:	Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhørsle til nær miljøet. Vi lærar barna om Noregs urfolk, samane, gjennom markering av samedagen i barnehagen. Oppleve fiske og gardsbesøk i nærområdet.

Førskulen:

Kommunikasjon, språk og tekst:	Førskulebarna skal jobbe med skuleførebuande aktivitetar: Alfabetet er synleg i rommet, vi oppmuntrar barnet til å skrive sitt eige namn, vi lærer rim og regler. Barna får lage eigne rim og lære å klappe stavingar. Vi lærer barna at språket har ei form, og let dei leike med språket. Vi oppmuntrar barna til å skrive, bygge skrivelyst for barna. Vi lagar vitsar og lærer barna vitsar. Vi lagar forteljingar i førskulegruppa. Vi lærer barna å rekke opp handa og lytte til kva andre har og seie.
Kropp, rørsle, mat og helse:	Setje saman grunnleggjande rørsler til samansette rørsler. Vi går på tur, hoppar tau, spring, rullar, turnar. Vi har finmotoriske aktivitetar som å klippe etter strek, lære blyantgrep, konstruksjonsleik med mindre klossar. Barna vil bli meir sjølvstendige i av- og påkledningssituasjonen og do-besøk. Barna får lære om kroppen og korleis den utviklar seg. Barna får bruke reiskap som spikkekniv, sag og hammar under oppsyn av ein vaksen.
Kunst, kultur og kreativitet:	Opplive teater, besøke kulturminne i bygda. Opplive kulturen, drive med kunst og utvikle kreativiteten til barnet. Dramatisere eventyr og forteljingar i barnegruppa.
Natur, miljø og teknologi:	Vi gjer barna miljøbevisste, gjennom søppelplukking i nærområdet. Vi lærer barna om miljøvern og kva konsekvensane av forsøpling er. Barna får oppleve forskning og eksperiment, for eksempel korleis varmt vann blir til is når det opplev hurtig nedkjøling utandørs. Lære barna om korleis naturen endrar seg i løpet av eit år og kva som skjer i naturen. Vi har fokus på åkerarbeid. Vi sett potet, gulrot og andre grønnsaker på våren som blir hausta på hausten.
Mengd, rom og form:	Lære reglar for spel og leikar, til dømes: Yatzy, stigespel, lotto, ulven tar oss, sisten, frysleik. Regelleik vil være eit fokus for førskulegruppa. Vi jobbar med å lage eigne mønster, fargekombinasjonar og jobbar med ulike former.
Etikk, religion og filosofi:	Vi har fokus på «den gygne regel». Lære om korleis ein tradisjonelt er knytt til kyrkja gjennom heile livet; dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Lære kristne songar knytt til ulike merkedagar (jul, påske), kristne bordvers før måltid. Dagleg bøn etter samling; «Kjære far». Jobbe med empati, setje seg inn i andre sine situasjonar og korleis dei opplev det.
Nærmiljø og samfunn:	Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nær miljøet. Vi lærar barna om Noregs urfolk, samane, gjennom markering av samedagen i barnehagen. Besøke eldresenteret på Bryggja, oppleve fiske og gardsbesøk i nærområdet. Fokus på å halde nærmiljøet fritt for søppel

Litteraturliste:

- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Henta frå <https://www.udir.no>
- Sandseter E., Hagen T., Moser T., *Kroppsligheit i barnehagen*, 2013, Gyldendal
- Wolf, K., D., (2014) *Små barns lek og samspill i barnehagen*. Universitetsforlaget.
- Ødegård, E. og Røys, H. (2013) *Å dra lasset sammen*. Cappelen damm Akademisk.
- <https://ndla.no/nn/subject:1:8c230faa-c1b1-4c16-b47a-490d8d7247cf/topic:3:195623/topic:2:73894/resource:1:73916>
- <https://docplayer.me/408755-Temahefte-om-barns-medvirkning-berit-bae-brit-johanne-eide-og-nina-winger-aud-eli-kristoffersen.html>